



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Valnemnda
Møtestad: Idrettshallen, Hornindal
Dato: 01.06.2017
Tid: 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.

Sak

PS 4/17

Oppnemning av partssamansett utval (PSU)

SAKER TIL HANDSAMING

PS 4/17 Oppnemning av partssamansett utval (PSU)



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Berit Lyngstad Arkivsak nr.: 2017/894
Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar	29.05.2017
71/17	Kommunestyret	01.06.2017
4/17	Valnemnda	01.06.2017

OPPNEMNING AV PARTSSAMANSETT UTVAL (PSU)

Handsaming:

Leiar Stig Olav Lødemel kom med framlegg om at medlemmene og varamedlemmene vert oppnemnd av valnemndene i dei to kommunane.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til valnemnda:

Kommunestyret oppnemner følgjande 3 medlemmer og varamedlemmer til partssamansett utval under fellesnemnda i ny kommune:

- 1.
- 2.
- 3.

Varamedlemmer

- 1.
- 2.
- 3.

Utvalet skal ha 10 medlemmer (3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 hovudtillitsvalte frå kvar kommune)

Fellesnemnda gir mandat til det partssamansette utvalet.

Administrasjonen si tilråding:

Innstilling

Kommunestyret oppnemner følgjande 3 medlemmer og varamedlemmer til partssamansett utval under fellesnemnda i ny kommune:

- 1.
- 2.
- 3.

Varamedlemmer

- 1.
- 2.
- 3.

Utvalet skal ha 10 medlemmer (3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 hovudtillitsvalte frå kvar kommune)

Fellesnemnda gir mandat til det partssamansette utvalet.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

I prosessen med bygging av ny kommune må fellesnemnda ha eit partssamansett utval samansett av politikarar og tillitsvalte frå begge kommunane. Kommunestyra oppnemner politiske medlemmer frå kvar kommune. Dei hovudtillitsvalte vel sjølve sine representantar. Det vert fellesnemnda si oppgåve å gi fullmakter til det partssamansette utvalet.

Saksopplysningar/fakta:

Oppnemning av partssamansett utval

Ved ei kommunesamanslåing skal det for ei avgrensa periode opprettast ei fellesnemnd som skal samordne og ta seg av førebuingane til samanslåingsprosessen, inkludert handtering av arbeidsrettslege avgjersle. For å sikre dette kan fellesnemnda delegere mynde vidare, slik at forhold knytt til arbeidsgjevjarrolla i ny kommune blir handtert på ein god måte, og at dei nødvendige avgjerslene blir teke.

Etter mønster av kommunelova §25, kan fellesnemnda opprette eit partssamansett utval, for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye arbeidsgjevaren og dei tilsette. Partssamansett utval er nærare regulert i Hovudavtala del B §4. Om utvalets oppgåver og samansetning står det:

"Det partssamansette utvalet foreslår og handsamar overordna retningslinjer for kommunen sin personalpolitikk, herunder tiltak for likestilling og inkluderande arbeidsliv.

Dei tilsette skal vere representert i dette utvalet med minst to representantar utpeika av arbeidstakarorganisasjonane/forhandlingssamanslutningane etter forholdstalsprinsippet."

I intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda §12 står det at *"dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansett utval for den nye kommunen, jf Inndelingslova §26, 2."*

Det partssamansette utvalet for ny kommune Hornindal og Volda skal *ha ei aktiv rolle i å arbeide fram ny arbeidsgjevarpolitikk*. Utvalet skal gje uttale i saker som vedrører overordna personalpolitiske spørsmål og retningslinjer i samband med oppretting av ny kommune. På vegne av (midlertidig) fellesnemnd skal utvalet sjå til at reglar og avtalar om tilsette og tillitsvaldes medverknad/medråderett i forhold som gjeld samanslåing, blir ivareteken.

Kommunelova § 25 har slik ordlyd:

§ 25. Partssammensatte utvalg - administrasjonsutvalg.

1. Det skal i alle kommuner og fylkeskommuner opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg - administrasjonsutvalg - for behandling av saker som gjelder forholdet mellom kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver og de ansatte. Utvalg etter første punktum kan erstattes med andre ordninger dersom dette får tilslutning fra minst tre fjerdedeler av de ansatte.

2. Administrasjonsutvalget sammensettes av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.

3. For de ansattes representanter gjelder de vanlige valgbarhetsregler, bortsett fra bostedskravet.

4. For øvrig gjelder de samme bestemmelser som for andre faste utvalg.

Tal medlemmar i partssamansett utval

Partssamansett utval vert eit viktig organ og skal arbeide i prosess med sentrale arbeidsgjevarpolitiske spørsmål. Det er viktig at utvalet har ein storleik der ein kan arbeide effektivt og alle kan involverast. Rådmannen vil foreslå at utvalet får eit medlemstal på 10, herav 3 politikarar får kvar av kommunane og 2 hovudtillitsvalte frå kvar av kommunane. Dei tillitsvalte vel sjølve sine representantar.

Etter lovgjevinga representerer dei politiske representantane kommunestyret i partssamansett utval. Det er derfor naturleg at representantane vert valt blant kommunestyret sine medlemmer, og det er vanleg at ordførar og varaordførar sit i partssamansett utval.

Mandat til partssamansett utval

Det er fellesnemnda som gir fullmakt/mandat til partssamansett utval. Fellesnemnda har dette under arbeid i utkast til prosjektplan som vert sak i den ordinære fellesnemnda når Stortinget har gjort vedtak om ny kommunestruktur. Partssamansett utval kan deretter tre i funksjon og konstituere seg sjølv.

I Volda har ein hatt eit trepartsutval samansett av ordførar, ein kommunestyrepolitkar, rådmann og to hovudtillitsvalte. Dette er eit konsultativt organ der ein orienterer kvarandre og drøftar arbeidsgjevarpolitiske spørsmål. Fellesnemnda bør vurdere om ein skal ha eit arbeidsutval frå det

partssamansette utvalet, som supplert med administrativ leiding frå begge kommunane, kan ivareta rolla som trepartsutval.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen kjente

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjente

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjente

Vurdering og konklusjon:

Fellesnemnda skal ta seg av førebuingane til samanslåingsprosessen. Dette omfattar mange og store prosessar, inkludert handtering av arbeidsrettslege avgjersle. Ved å delegere mynde på sistnemnte område til partssamansett utval, sikrar Fellesnemnda at forhold knytt til arbeidsgjevarrolla i ny kommune blir handtert på ein god måte, og at dei nødvendige avgjerslene blir teke.

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans: